



Det kongelige kunnskapsdepartement

Dato

LEIKANGER, 04.06.2019

Høyrings svar - Forslag til lov om offentlege organ sitt ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven)

Høve til regelverk om offentlege anskaffingar og utfordringar knytt til sosial dumping.

Sogn og Fjordane fylkeskommune stettar ei lovregulering av offentleg tenesteyter si plikt til å bruke kvalifisert tolk, men meiner at fastsette/standardiserte satsar for tolkeoppdrag er naudsynt for betre regulering av tolkemarknaden.

Det vert i NOU 2014:8 *Tolking i offentleg sektor* fleire stader vist til risikoen for sosial dumping, særleg når oppdragsgjevar ikkje har eigen tolkesentral og er underlagt regelverk om offentlege anskaffingar. Dette er ei vurdering vi stettar. Vurderinga er ikkje tatt høgde for i forslaget til ny lov eller høyringsnotatet.

Offentlege anskaffingar blir ofte peika på som eit middel blant fleire for å kome arbeidslivskriminalitet og sosial dumping til livs. Minstelønn er innført gjennom allmenngjeringsforskrifter for utsette yrkesgrupper, mellom anna reinhald og bygg. I ein anna utsatt yrkesgruppe – vikarmarknaden, er løn regulert gjennom vikarbyrådirektivet. Grensene gitt kan nyttast av offentlege oppdragsgjevarar som grenseverdiar på sosial dumping. Dette er nyttig i anbudsprosessen for å:

- gje tilbydarane føreseielege og like vilkår (vi er pliktig til dette jamfør dei grunnleggjande prinsippa for offentlege anskaffingar, LOA §4).
- gje oppdragsgjevar moglegheit til å avvise tilbod som er unormalt låge, grunna mellom anna brot på «nasjonale regler[...]tariffavtaler», FOA § 24-9 (1).

Grenseverdiar er også eit avgjerande verkemiddel i ein avtaleoppfølging ved mistanke om sosial dumping.

I høyringsnotatet og rapporten *Økonomiske konsekvenser ved innføring av tolkeloven* tek ein utgangspunkt i at spørsmål om rettferdig løn vil etter kvart bli regulert gjennom marknadsmekanismar for tilbod og etterspørsel etter kvalifiserte tolkar. Vi vil i denne samanhengen merke at rammeavtalar vanlegvis har ein varighet på fire år. Prisen er altså som regel bunden i fire år. Det er utfordrande å nytte seg av desse marknadsmekanismar utan å bryte reglane for endring av avtalar om offentlege anskaffingar. Vi er derfor mindre trygge på at lovforslaget vil føre til prisauke på tolketenester for dei dårlegast betalte tolkane utan at det samtidig gjerast tiltak på lønnsregulering.

Etter vårt syn burde tolkelova gi verkemiddel for å hindre sosial dumping. Vi stettar derfor tilrådinga i NOU 2014:8 om eit eige lønnsregulativ for tolkar.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmannen

Katrine Røkke Wilson
innkjøpssjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Det kongelige kunnskapsdepartement